

Statistisk sentralbyrå

Årsmelding 2004

Dette er Statistisk sentralbyrå

Statistisk sentralbyrå (SSB) har hovudansvar for innsamling, bearbeiding og formidling av offisiell, norsk statistikk. Offisiell statistikk og analysar basert på statistikk skal gi publikum, næringslivet og myndighetene kunnskap om samfunnets struktur, utvikling og verkemåte. Slik kunnskap styrkjer demokratiet, og gir grunnlag for berekraftig økonomisk, sosial og miljømessig utvikling. For å kunne fylla oppgåva si, må offisiell statistikk utarbeidast på uavhengig grunnlag, ha høg kvalitet og vere tilgjengeleg for alle.

SSB blei etablert i 1876. Det er ein fagleg uavhengig institusjon som administrativt ligg under Finansdepartementet, og med eit eige regjeringsoppnemnt styre.

SSB har ein eigen lov, "lov om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå" frå 1989. Loven gir SSB rett til å bestemme kva som skal vere offisiell statistikk og ansvar for å samordne all offisiell statistikk i Noreg. I tillegg har SSB hovudansvaret frå norsk side for internasjonalt statistisk samarbeid.

SSB er eitt av få statistikkbyrå i verda som har ei eiga omfattande forskingsverksemd. Ho utgjer ei av dei største samfunnsvitskapelege forskingsmiljøa i landet.

ssb.no er hovudkanalen for publisering av offisiell statistikk. Her blir ny statistikk lagt ut kvar dag, og brukarane kan sjøve henta tal frå Statistikkbanken. I 2004 stod SSB for 815 frigivingar av statistikk fordelt på rundt 300 ulike statistikkar. I tillegg blir ei rekkje papirpublikasjonar publiserte, blant anna Statistisk årbok, ulike typar rapportar og tidskrift.

I 2004 hadde SSB 501,5 millionar kroner i inntekter, fordelt med rundt 370 millionar over statsbudsjettet og 131,5 millionar finansiert direkte av brukarane. Departementa og Noregs forskingsråd er dei viktigaste oppdragsgivarane.

SSB hadde 1. januar 2005 942 tilsette, fordelt med 557 medarbeidarar i Oslo og 385 i Kongsvinger. Til saman utførte dei 889 årsverk i 2004. I tillegg var det 129 intervjuarar rundt i landet og 28 intervjuarar i Oslo.

Innhold


1. Korleis Statistisk sentralbyrå (SSB) er organisert	2
2. Årsmelding frå styret	3
3. Rekneskapan	6
4. Statistikk om statistikken	11
5. På jobb i SSB	17
6. Årsmelding frå administrerende direktør	21
7. Verksemda i 2004	23
7.1 Elektronisk datafangst.....	23
7.2 Populasjonsforvaltning	23
7.3 Økonomisk statistikk og næringsstatistikk.....	24
7.4 Statistikk for offentlig sektor	25
7.5 Personstatistikk	25
7.6 Forskingsverksemda	26
7.7 Lett tilgjenge for brukarane	28
7.8 Internasjonalt statistisk samarbeid	28
7.9 Arbeid med kvalitet og tryggleik	29

1. Korleis Statistisk sentralbyrå (SSB) er organisert

Toppleiinga i SSB er samansett av administrerande direktør og direktørane for dei sju avdelingane. Organisasjonen omfattar tre statistikkavdelingar (økonomisk statistikk, personstatistikk og næringsstatistikk), ei forskingsavdeling, ei administrasjonsavdeling, ei formidlingsavdeling og ei avdeling for IT og datafangst.

Dei fleste avdelingane er organiserte i seksjonar og har i tillegg visse stabsfunksjonar knytte til avdelingsdirektøren. Formidlingsavdelinga har ei matriseorganisering med tre leiarar på seksjonssjefs nivå som til saman har ansvaret for ti ulike team. Forskingsavdelinga er organisert i grupper med kvar sin forskingsleiar på åremål.

SSB har sidan 1975 vore fysisk delt mellom Oslo og Kongsvinger som eit resultat av at Stortinget har ønskt utflytting av statsinstitusjonar. SSB har 942 tilsette, med 557 i Oslo og 385 på Kongsvinger. Med unntak av Forskingsavdelinga og Avdeling for næringsstatistikk har alle avdelingane medarbeidarar både stader. Felles data- og telefonnett, videomøte, byråbil og buss sørger for dagleg kontakt mellom medarbeidarane.



2. Årsmelding frå styret

2004 var eit aktivt år på mange område for SSB. Det vart skipa eit statistikk-råd, som hadde fyrste driftsåret sitt i fjor. 1. juli nådde SSB målet om at alle skjema for næringslivet skal kunna fyllast ut elektronisk anten via AltInn eller IDUN. KOSTRA-systemet har vore ein stor suksess som bidrag til effektiv rapportering til staten frå kommunar og fylkeskommunar. Svein Longva gjekk av som administrerande direktør ved årsskiftet, og han vart etterfølgt av Øystein Olsen.

Statistikkråd Statistikkrådet vart skipa 1. januar 2004. Rådet er samansett av 20 institusjonar som produserer offisiell statistikk eller eig register som er særleg viktige for statistikkproduksjonen. Rådet har til føremål å medverka til å byggja opp eit heilskapleg statistikkssystem, heva kvaliteten på den offisielle statistikken og effektivisera produksjonen gjennom samordning og samarbeid. For 2004 er det utarbeidd ein årsrapport med ei oversikt over kva som er med i norsk offisiell statistikk.

For SSB går rundt rekna 750 av i alt 900 årsverk med til statistikkproduksjon, medan 100-150 årsverk blir utførde i dei andre institusjonane som er med i Statistikkrådet.

Registersamarbeid Noreg er eit av dei få landa i verda som i stor grad nyttar offisielle register til produksjon av statistikk. Dette er administrative register som primært har ein annan funksjon enn statistikkproduksjon. På initiativ frå Statens kartverk vart det i 2004 skipa eit registerforum for å styrkja samarbeidet mellom institusjonane som er ansvarlege for dei viktigaste administrative registra i Noreg. SSB er med i dette arbeidet. Slik styret ser det, er samarbeid av dette slaget viktig for å effektivisera statleg informasjonshandtering og sikra gjenbruk av data.

Elektronisk innrapportering 1. juli 2004 nådde SSB målet om at alle skjema for næringslivet skal kunna fyllast ut elektronisk og sendast til SSB anten via AltInn eller SSBs eiga løysing – IDUN. Styret vurderer det som viktig å halda fram arbeidet med å leggja til rette for elektronisk datafangst. Blant anna må SSBs IDUN-løysing integrerast med AltInn, slik at brukarane av AltInn kan nå alle SSB-skjema via ei felles pålogging. Arbeidet med løysingar som opnar for å henta data direkte frå fagsystema i næringslivet held fram.

Oppgåvebør Alt forbetringsarbeid knytt til registerbruk, elektronisk skjema utfylling og direkte filuttrekk er viktig for å letta arbeidsbøra næringslivet har med skjema som skal til SSB. SSBs del av den totale oppgåvebøra er heller liten (under 2 prosent), og i 2004 slapp 78 prosent av alle norske føretak å fylla ut skjema for SSB. Men styret har merkt seg at nokre få oppgåvegjeverar har relativt mykje arbeid med dette. Styret er nøgd med at oppgåvebøra går ned på vesentlege statistikkar. Men den totale oppgåvebøra SSB legg på næringslivet, auka noko i 2004 som følgje av at SSB overtok statistikk over utanrikstransaksjonar frå Noregs Bank.

Effektiv innrapportering KOSTRA-systemet har vore ein stor suksess og gjer sitt til at kommunal og fylkeskommunal sektor har ei effektiv innrapportering til staten, og medverkar dermed òg til forenkla statistikkproduksjon.

Offentleg sektor gjennomfører store omstillingar. Det er viktig at det ved offentlege reformer blir teke omsyn til rapporteringsrutinane både når det gjeld effektivitet og kvalitet. Dette er viktig for å sikra at vi heile tida har aktuell og god statistikk som grunnlag for avgjerder og utgreiingar om viktige samfunnsområde.

Folketeljingsrelatert statistikk Folke- og bustadteljinga 2001 vart avslutta i 2004 ved at teljinga vart ferdig dokumentert. Framtidige folke- og bustadteljingar skal vera registerbaserte. Hovuddatakjelda for den registerbaserte familie- og hushaldsstatistikken er informasjon om

unik bustadadresse i folkeregisteret. Det er no mogleg å laga statistikk over hushald på kommune- og bydelsnivå.

- Miljøindikatorar* Det er mange faktorar som skal til for å måla miljøsituasjonen i eit land, og det er ikkje alltid enkelt å finna fram til kva for faktorar som har mest å seia for miljøet. Eit regjeringsoppnemnt utval med SSB-forskar Knut Alfsen som leiar har som mandat å finna fram til indikatorar for ei berekraftig utvikling. Styret set stor pris på den aktive rolla SSB har i dette arbeidet, og ser med forventning fram til resultat.
- Forsking* Den omfattande forskingsverksemda i SSB har mykje å seia for samfunnet. Dessutan kan det vera svært viktig for kvaliteten på statistikken at han blir brukt i forskningssamanheng. Styret seier seg nøgd med at den eksterne publiseringa til forskarane auka i 2004.
- Punktleig offentleggjering* I 2004 vart 89 prosent av SSB-statistikkane offentleggjorde på den dato som var fastsett i Statistikkalenderen. Det er viktig at SSB legg vekt på punktleig offentleggjering. Av og til blir det likevel forseinkingar fordi datagrunnlaget kjem for seint eller kvalitetsbetrande tiltak må gjennomførast. I 2004 fekk vi ei påminning om kor viktig dette er då ei forseinking i statistikken over arbeidsinnsatsen i jordbruket skapte tvil om talgrunnlaget for jordbruksoppgjering var til å lita på.
- SSBs formidling* SSB var tidleg ute med å etablera Internett som hovudkanal for formidling av statistikk. SSB har òg heile tida hatt som prinsipp at denne informasjonen skal vera gratis og tilgjengeleg for alle. Gratisprinsippet er eit viktig verkemiddel for å nå målet om at statistikk skal vera eit offentlig gode. EU har lenge halde på at statistikk frå EUs statistiske kontor skulle vera ei betalt teneste. Dette vart endra i 2004, og det inneber at europeisk statistikk no er tilgjengeleg i langt større grad.
- Brukarar* For å gje brukarane kunnskap om og høve til fagleg fordjuping i statistikk- og analyseområda til SSB har vi sett i gang kursverksemd. I 2004 vart det halde 40 kurs med 1 000 deltakarar. Det var både innføringskurs og meir detaljerte kurs i korleis ein kan finna fram og bruka statistikk, og det vart òg halde kurs for næringslivet i samband med innrapporteringa av data om utanrikstransaksjonar.
- I juni vart ssb.no kåra til "beste myndighetsweb" av tv2.no/nettavisen, som seier: "De norske myndighetene har gått flere sjumil på nettet de siste årene, og klart best i klassen er Statistisk sentralbyrå med sin svært imponerende tjeneste."
- Internasjonalt samarbeid* Det internasjonale statistiske samarbeidet blir stadig viktigare. Særleg har samarbeidet i EU og EØS auka i omfang dei siste åra. Samarbeidet stiller store krav. Både naudsynte og lovpålagde omleggingar av den nasjonale statistikken og den store møteaktiviteten er ressurskrevjande. Styret er tilfreds med at den norske statistikken no kan jamførast med statistikk frå andre land, men er uroleg over kostnadene det store aktivitetsnivået fører med seg.
- Rekneskapen* SSB fekk eit tilfredsstillande resultat i 2004 med eit negativt driftsresultat på 1,9 millionar kroner og ei overføring til 2005 på 9,2 millionar kroner – trass i eit ramme-kutt på 3 millionar kroner. Det var i 2004 mindre forbruk på driftsområdet, særleg på grunn av mindre bruk av konsulentar.
- Styret er tilfreds med at administrasjonen følgjer nøye med i økonomiforvaltninga, og at det blir arbeidd kontinuerleg med å gjera styrings- og rapporteringsrutinane betre.

Svein Longva

Ein karriere på 37 år i SSBs teneste vart avslutta ved utgangen av 2004 for Svein Longva. Longva har hatt mykje å seia for utviklinga av SSB i direktørperioden sin. Han moderniserte SSB, styrkte SSBs deltaking og bidrag i internasjonalt statistisk utviklingsarbeid, førde SSB ut i det offentlege rommet og styrde SSB på ein måte som gjorde at både dei tilsette og styret vart stolte av institusjonen dei tilhørde. Styret takkar han og ønskjer han lykke til som riksmeklingsmann.



SSB har noko å seia

Styret er nøgd med at SSB har nådd dei fleste måla i verksemdsplanen for 2004. Den omfattande bruken av SSBs statistikk og analysar og dei mange oppslaga i media syner at SSB er synleg i samfunnet, og at det vi produserer både av statistikk og forskingsresultat, er nyttig og verdifullt for samfunnsutviklinga. Utan dugande medarbeidarar ville ikkje dette ha vore mogleg. Styret vil derfor takka kvar og ein av medarbeidarane for innsatsen i 2004.

Styret ønskjer Øystein Olsen velkomen som ny administrerande direktør frå 1. januar 2005 og gleder seg til samarbeidet.

Ved utgangen av året takka Rune Sørensen av som medlem av styret, og i hans stad kom Lars-Erik Borge.

Petter Jakob Bjerve, som var direktør for SSB frå 1949 til 1980 og finansminister frå 1960 til 1963, døydde 12. januar 2004. Ein stor samfunnsbyggjar og eit heilstøpt menneske har gått bort.

*Bak frå venstre: Rune Sørensen, Eva Hildrum, Hege Torp og Hanne Marit Svensrud.
Foran frå venstre: Thor Bjarne Bore, Lars-Erik Borge og Ida Helliesen.
Einar Hope var ikkje til stades.*

Forskningsleder Hege Torp, styreleder

Ekspedisjonssjef Eva Hildrum, nestleder

Tidligere redaktør Thor Bjarne Bore

Førstekonsulent Hanne Marit Svensrud

Professor Einar Hope

Finansdirektør Ida Helliesen


Professor Lars-Erik Borge



3. Rekneskapan

Inntektene frå brukarfinansierte oppgåver var høgare i 2004 enn året før. Rekneskapan syner eit negativt driftsresultat på 1,9 millionar kroner. Overføringa frå 2003 var 11,2 millionar kroner. Samla gjev det overføringar på 9,2 millionar kroner til 2005.

Historisk rekneskap. Inntekter 1991-2004 i faste 2004-prisar. Millionar kroner¹



¹ Figuren syner at den inflasjonsjusterte inntekta for statsoppdraget har hatt ein liten vekst, medan brukarfinansierte oppdrag har hatt ein noko større vekst. Folke- og bustadteljinga hadde siste året i 2003, med berre mindre oppfølgingsoppgåver.

Inntektene til drift i 2004, medrekna refusjonar, var 501,5 millionar kroner. Det er 6 millionar kroner mindre enn inntekta i 2003. SSB fekk eit rammekutt på 3 millionar kroner i løpet av budsjettåret. I tillegg har overføringane frå refusjonar gått ned med 4 millionar kroner i høve til 2003. Utanom inntekt til drift kjem 7,9 millionar i inntekt til investeringar.

Auka inntekter for dei brukarfinansierte oppdraga

Inntektene frå dei brukarfinansierte oppgåvene vart 131,5 millionar kroner i 2004. Det er 4 millionar meir enn i 2003. Auken kjem blant anna av at SSB fekk ei forskotsbetaling på 5,4 millionar kroner for eit oppdrag med utviklingsarbeid i Albania som går over tre år.

Framleis er det departement og andre statsetatar som er dei viktigaste oppdrags-gjevarane. Inntektene frå dei utgjer 54 prosent av dei brukarfinansierte inntektene i 2004. Den delen som vart finansiert av Noregs forskingsråd, var 14 prosent, ein auke på 3 prosentpoeng i høve til året før.

Samla uteståande per 31. desember 2004 var i underkant av 9 millionar kroner.

Auke i dei samla utgiftene

Dei totale driftsutgiftene var på 503,4 millionar kroner i 2004. Det er 2,2 millionar kroner meir enn i revidert budsjett. Men utgiftene er 7,1 millionar mindre enn i 2003.

Lønsutgiftene steig frå 344,8 millionar kroner i 2003 til 347,4 millionar kroner i 2004. Auken skriv seg i hovudsaka frå utgifter knytte til lønsoppgjering i 2004. Driftsutgiftene vart reduserte frå 165,7 millionar kroner i 2003 til 156 millionar kroner i 2004. Det er særleg utgiftene til konsulenthjelp som har minka. Nedgangen er på over 8 millionar kroner frå 2003 og på 26 millionar i løpet av dei siste to åra. Det er kjøp av konsulenttenester til AltInn/IDUN-prosjekta som har minka mest. Det er òg utgiftsreduksjon på inventar og datamaskinar og på vedlikehald av bygg og drift av bygningar.

Driftsresultat og overføringer til neste år

SSB fekk eit samla negativt driftsresultat på 1,9 millionar kroner i 2004. Det negative resultatet kjem i hovudsaka av at folke- og bustadteljinga berre hadde overførde midlar frå 2003 og får eit negativt driftsresultat på 3 millionar kroner. I tillegg får statsoppdraget eit negativt driftsresultat på 1,2 millionar kroner. Rammekuttet som SSB fekk i løpet av rekneskapsåret 2004, gjer òg sitt til resultatet. Overføringa frå 2003 var på 11,2 millionar kroner, og det gjev ei samla overføring til 2005 på 9,2 millionar kroner.

Mindre salsinntekter, meir tvangsmulkt

Inntekter på sal av publikasjonar er ikkje med i rekneskapen for SSB. Det er heller ikkje inntekter frå bruk av tvangsmulkt. Disse inntektene blir førde sentralt i statsrekneskapen. Salsinntektene var 1,7 millionar kroner i 2004, ein halv million kroner mindre enn i 2003. Inntektene frå tvangsmulkt steig 0,9 millionar kroner i 2004 i høve til 2003.

Investeringane har minka

Utgiftene til investeringar er på 4,8 millionar kroner i 2004. Det er 4,7 millionar kroner mindre enn i 2003. Dette kjem fyrst og fremst av at store investeringar er utsette til 2005. IT-investeringar står for hovuddelen av nyinnkjøpa.

Årsrekneskap 2004. Samla oversikt (sum statsoppdraget, folke- og bustadteljinga og brukarfinansierte oppdrag eksklusive større nyinnkjøp). 1 000 kroner

	Notar	Rekneskap 2003	Budsjett 2004	Rekneskap 2004	Budsjett 2005
Statsløyving	2,8	363 700	352 149	349 699	363 100
Oppdragsinntekt	11	127 528	122 425	131 583	134 937
Lønskompensasjonar	3			7 956	
Refusjonar	4	16 343		12 303	
Sum inntekter og refusjonar ...		507 571	474 574	501 541	498 037
Lønsutgifter	5,9,12	344 874	323 649	347 489	347 539
Driftsutgifter	1,6,9,12	165 775	156 288	156 007	150 231
Sum utgifter		510 649	479 937	503 496	497 770
Driftsresultat	7,10,13	-3 078	-5 363	-1 955	267
Overføringer frå året før.....		14 278	11 200	11 200	9 245
Overføringer til neste år	7,10,13	11 200	5 837	9 245	9 512

Rekneskapsprinsipp

SSB fører rekneskapane sine etter kontantprinsippet, slik statens økonomireglement legg til grunn. Dette inneber at rekneskapen syner dei utgiftene og inntektene som er betalte i rekneskapsåret. For brukarfinansierte oppdrag dekkjer rekneskapen derfor berre dei inntektene der betalinga er motteken. Uteståande krav kjem ikkje fram.

Statsoppdraget eksklusive folke- og bustadteljinga. 1 000 kroner

	Notar	Rekneskap 2003	Budsjett 2004	Rekneskap 2004	Budsjett 2005
Statsløyvingar	2	350 500	352 149	349 699	363 100
Lønskompensasjonar	3			7 956	
Refusjonar	4	16 343		12 303	
Sum inntekter og refusjonar ...		366 843	352 149	369 958	363 100
Lønsutgifter	5	250 685	237 947	258 552	254 306
Driftsutgifter	6	121 396	114 223	112 561	107 313
Sum utgifter		372 081	352 170	371 113	361 619
Driftsresultat	7	-5 238	-21	-1 155	1 481
Overføringer frå året før		9 195	3 957	3 957	2 802
Overføringer til neste år	7	3 957	3 936	2 802	4 283

Folke- og bustadteljinga. 1 000 kroner

	Notar	Rekneskap 2003	Budsjett 2004	Rekneskap 2004	Budsjett 2005
Statsløyving	8	13 200	0	0	
Sum inntekter og refusjonar ...		13 200	0	0	
Lønsutgifter		5 690	1 229	1 946	
Driftsutgifter		9 234	3 565	1 094	1 754
Sum utgifter	9	14 924	4 794	3 040	1 754
Driftsresultat	10	-1 724	-4 794	-3 040	-1 754
Overføringer frå året før		6 518	4 794	4 794	1 754
Overføringer til neste år	10	4 794	0	1 754	0

Brukarfinansierte oppgåver. 1 000 kroner

	Notar	Rekneskap 2003	Budsjett 2004	Rekneskap 2004	Budsjett 2005
Inntektskrav i statsbudsjettet					113 700
Meirinntekt					21 237
Oppdragsinntekt		127 528	122 425	131 583	134 937
Sum inntekter og refusjonar ...	11	127 528	122 425	131 583	134 937
Lønsutgifter		88 499	84 473	88 499	93 233
Driftsutgifter		35 145	38 500	35 145	41 164
Sum utgifter	12	123 644	122 973	123 644	134 397
Driftsresultat	13	3 884	-548	2 240	540
Overføringer frå året før		-1 435	2 449	2 449	4 689
Overføringer til neste år	13	2 449	1 901	4 689	5 229

Større nyinnkjøp. Post 45. 1 000 kroner

	Notar	Rekneskap 2003	Budsjett 2004	Rekneskap 2004	Budsjett 2005
Statsløyving	14	7 780	7 936	7 936	7 936
Sum utgifter	15	9 653	9 936	4 893	7 936
Driftsresultat	16	-1 873	-2 000	3 043	0
Overføringer frå året før		3 518	1 645	1 645	4 688
Overføringer til neste år	16	1 645	-355	4 688	4 688

Notar til tabellane

¹ Samla driftsutgifter
(eksklusive større
nyinnkjøp)

Spesifikasjon driftsutgifter	Rekneskap 2002. 1 000 kroner	Rekneskap 2003. 1 000 kroner	Rekneskap 2004. 1 000 kroner
Inventar/PC-utstyr	12 014	15 807	13 395
Forbruksmateriell	5 331	5 855	4 611
Reiseutgifter, kurs	22 384	22 885	26 588
Kontortjenester	54 027	54 960	53 936
Konsulenttenester	39 483	21 690	13 389
Bibliotek	1 062	1 184	1 235
Vedlikehald og drift	3 369	173	158
Vedlikehald av bygg/anlegg	522	2 300	1 126
Bygningar - drift og lokalleige	38 845	40 920	41 568
Sum driftsutgifter	177 037	165 774	156 006

Til saman vart driftutgiftene i 2004 156 millionar kroner, 9,7 millionar kroner mindre enn i 2003. Det er særleg utgiftene til kjøp av konsulenttenester og maskinar som har gått ned i 2004 i høve til året før.

² Statsoppdraget

Rekneskapen syner at løyvinga til statsoppdraget i 2004 (utanom folke- og bustadteljinga) var 3,9 millionar mindre enn i 2003. Løyvinga til IDUN/AltInn vart redusert med 5 millionar kroner i høve til 2003. I samband med revidert nasjonalbudsjett fekk SSB eit rammekutt på 3 millionar kroner og eit tilskot på 550 000 kroner for innføring av el-avgift. Den reviderte statlege løyvinga vart dermed på 349,6 millionar kroner totalt. Av dette var 24,3 millionar kroner øyremerkte til tre prosjekt:

- IDUN 5,3 millionar kroner
- AltInn 4,5 millionar kroner
- Omlegging av valutastatistikken 14,5 millionar kroner (UT-prosjektet)

³ Lønnskompensasjonar

I løpet av budsjettåret fekk SSB ein kompensasjon for lønsoppgjera på 7,9 millionar kroner.

⁴ Sjuke- og
fødselsrefusjonar

Refusjonar for løn ved sjukefråvære og fødselspermisjonar gjekk ned frå 16,3 millionar kroner i 2003 til 12,3 millionar kroner i 2004 i tråd med nedgangen i sjukefråværet frå 6,2 prosent i 2003 til 4,5 prosent i 2004.

⁵ Lønsumgifter på
statsoppdraget

Lønsumgiftene var 2 millionar kroner høgare enn i SSBs reviderte budsjett og 7,8 millionar kroner høgare enn i 2003. Hovudårsaka er lønsoppgjeret i 2004.

⁶ Driftsutgifter på
statsoppdraget

Driftsutgiftene minka med 8,8 millionar kroner i høve til 2003. Hovudårsaka til utgiftsreduksjonen er færre kjøp av konsulenttenester. Dei har gått ned med om lag 80 prosent i høve til 2003. Det er kjøp av konsulenttenester til AltInn/IDUN-prosjekta som har minka mest. Det er òg utgiftsreduksjon på inventar og datamaskinar og på vedlikehald av bygg og drift av bygningar.

⁷ Driftsresultat på
statsoppdraget eksklusive
folke- og bustadteljinga

Statsoppdraget fekk eit negativt driftsresultat på 1,1 millionar kroner for 2004. Det kjem i hovudsaka av rammekuttet som SSB fekk i løpet av budsjettåret. Men det er om lag 1 million kroner betre enn i SSBs reviderte budsjettet og 4 millionar kroner betre enn driftsresultatet i 2003.

⁸ Statsløyvinga til folke- og
bustadteljinga

Det var berre overførde midlar på 4,8 millionar kroner til folke- og bustadteljinga i 2004.

⁹ Utgifter til folke- og
bustadteljinga

Driftsutgiftene vart på 3 millionar kroner i 2004. Det er 1,8 millionar kroner mindre enn budsjettet. Dette kjem blant anna av forseinkingar i oppfølgingsarbeidet i bustadadresseprosjektet.

¹⁰ Driftsresultat folke- og
bustadteljinga

Driftsresultatet for 2004 vart på minus 3 millionar kroner. Overføringa frå 2004 til 2005 er på 1,7 millionar kroner og skal blant anna nyttast til arbeidet med kvalitetssikring av bustadadresser.

¹¹ Brukarfinansierte
oppgåver

Rekneskapen for 2004 syner at inntektene frå brukarfinansierte oppgåver vart 131,5 millionar kroner, ein auke på 4 millionar kroner i høve til 2003. Kontantprinsippet gjer at inntektene svingar meir frå år til år enn i ein rekneskap etter tilordningsprinsippet.

Brukarfinansierte oppdrag, etter kundegruppe. 2003 og 2004

	2003		2004	
	Mill. kroner	Prosent	Mill. kroner	Prosent
I alt	127,5	100	131,5	100
Departement	65,4	51	41,8	32
Andre statlege kundar	19,2	15	28,4	22
Private kundar	12,4	10	13,0	10
Kommunale kundar	1,1	1	1,3	1
Utanlandske kundar	7,9	6	18,6	14
Forskningsinstitutt og universitet	7,9	6	9,5	7
Noregs forskingsråd	13,6	11	18,8	14

Tabellen syner at departement og andre statsetatar er dei viktigaste oppdragsgjevarane og står for 54 prosent av dei brukarfinansierte inntektene. Til likes med rekneskapen er tabellen basert på kontantprinsippet. Inntektsfordelinga og særleg nominelle summer blir derfor påverka av innbetalingsforskyvingane.


- ¹² *Utgifter brukarfinansierte oppgåver* Utgiftene til brukarfinansierte oppgåver vart 129,3 millionar kroner i 2004, ein auke på 5,6 millionar kroner frå året før. Driftsutgiftene steig med 7,2 millionar kroner, medan lønsutgiftene minka med 1,5 millionar kroner. Reduserte lønsutgifter til intervjuarar er hovudsaka til at utgiftene har gått ned. Dei vart 4,7 millionar kroner mindre enn i 2003.
- ¹³ *Driftsresultat brukarfinansierte oppgåver* Driftsresultatet for brukarfinansierte oppgåver er på 2,2 millionar kroner. Det er 1,6 millionar kroner mindre enn resultatet i 2003. Samla uteståande per 31. desember 2004 var i underkant av 9 millionar kroner, ein auke på vel 2 millionar kroner i høve til i 2003. Overføringane frå 2003 var på 2,4 millionar kroner. Dette gjev ei samla overføring på 4,6 millionar kroner til 2005.
- ¹⁴ *Statsløyving til større nyinnkjøp* Statsløyvinga til større nyinnkjøp var på 7,9 millionar kroner i 2004, det same som i 2003 justert for prisstigninga.
- ¹⁵ *Utgifter større nyinnkjøp* Utgiftsnivået for større innkjøp var 4,7 millionar kroner lågare enn i 2003. Dette kjem blant anna av at ein del IT-relaterte innkjøp vart utsette til 2005. I tillegg har kablinga i tilknytning til nytt bygg på Kongsvinger kome i gang så seint i 2004 at kostnaden fyrst kjem i 2005.
- ¹⁶ *Driftsresultat større nyinnkjøp* Driftsresultatet til større nyinnkjøp er på 3 millionar kroner. Med overføringa frå 2003 blir overføringa til 2005 på 4,8 millionar kroner.

4. Statistikk om statistikken

Frigjeving av statistikk

Det var 815 frigjevingar av statistikk i 2004, 16 færre enn i 2003. Nedgangen kom mellom anna av at fleire mindre statistikkar vart slegne saman.

Talet på frigjevingar av statistikk. 1997-2004



Nye faste statistikkpubliseringar

- Bruk av IKT i staten, årleg
- Direkte investeringar i utlandet, årleg
- Fysisk planlegging i kommunar og fylkeskommunar, årleg
- Gjennomstrøyming i høgare utdanning, årleg
- Gjennomstrøyming i vidaregåande opplæring, årleg
- Energibruken til hushalda, skiftande
- Jernbanetransport, kvartalsvis og årleg
- Naturgass, innanlandsk forbruk, årleg
- Nyetablerte føretak, årleg
- Næringsliv, eigarskap og roller, årleg
- Prisindeks for kontor- og forretningseigedomar, halvårleg
- Rekneskapar for børsnoterte selskap, kvartalsvis
- Studentar i utlandet, årleg
- Varehandel, omsetning etter varegruppe, femtekvart år

Desse nye årsstatistikkane er knytte til KOSTRA-systemet:

- Finansielle nykeltal, kommune (konsern)
- Kommunale gebyrsatsar og brukarbetaling
- Kommunale kjøp av tenester
- Kommunal eigedomsdrift
- Kommunal vassforsyning

Einskildundersøkingar

- Samvære og bidrag
- Primærlegetenesta, kommunale utgifter
- Levekår i fengsel

Endringar i statistikkar og datainnsamlingar

SSB registrerer alle endringar i statistikkar og datainnsamlingar. Dette er eit ledd i arbeidet med å sikra at skjemamengda ikkje blir utvida, og at dei same opplysningane ikkje blir innhenta to eller fleire gonger. I 2004 vart desse endringane gjennomførde i den faste statistikkproduksjonen:

- Avfallsbehandlingsundersøkinga er utvida. Spesialavfall (farleg avfall) er teke med som ein ny del av undersøkinga.
- Statistikk over innvandring og innvandrarak er no ein sjølvstendig statistikk, skild frå flyttestatistikken.

- Byggjekostnadsindeksen for anlegg er endra ved at det er etablert eit nytt vektgrunnlag, og ved at vi publiserer indeksar for tre typar anlegg i tillegg til totalindeksen for veganlegg og indeksar for innsatsfaktorane materialar og maskinar.
- Statistikkane for camping, hyttegrender og hotell er slegne saman til éin statistikk.
- I valstatistikken for kommune- og fylkestingsval tek vi no med statistikk over valde medlemmer av kommunestyre og fylkesting basert på individdata.
- Skattestatistikken for lønstakarar og pensjonistar er omlagd og har fått nytt datagrunnlag og monaleg betre aktualitet.

Nedlegging av statistikk

- Den kvartalsvise undersøkinga av godstransport med lastebil over grensa vart nedlagd fordi datakvaliteten var for dårleg.
- Byggjekostnadsindeksen for vasskraft vart òg nedlagd.

Opplysningsplikt og tvangsmulkt

Avgjerder etter statistikklova om å innføra opplysningsplikt og nytta tvangsmulkt blir tekne for seg i kvart enkelt tilfelle. Det er mogleg å innføra opplysningsplikt utan at ein samstundes vedtek å nytta tvangsmulkt. I 2004 gjorde SSB nye vedtak om opplysningsplikt på desse områda:

- finansteljinga
- prisindeks for godstransport på veg, kvartalsvis
- prisindeks for bilutleige
- løn, helse- og sosialektoren

Vedtak i 2004 om utviding av eksisterande oppgåveplikt med tvangsmulkt

- prisindeks for engroshandel
- byggjekostnadsindeks for bustader
- omsetningsstatistikk for bensinstasjonar
- statistikk over utanrikstransaksjonar

Skjemautfylling for næringslivet

Den totale oppgåvebøra vart mindre frå 2003 til 2004, men ho vart utvida for næringslivet. Årsaka var den nye statistikken over utanrikstransaksjonar, som tidlegare vart utført av Noregs Bank. Oppgåvegevarane brukte i 2004 rundt rekna tolv årsverk på dette. Det er nedgang i oppgåvebøra i samband med fleire av dei tradisjonelle undersøkingane. Børa vart redusert med rundt rekna fire årsverk for strukturstatistikken for industri som følgje av at det vart færre spørsmål, med to årsverk for lønsstatistikken og med to årsverk for undersøkingar knytte til bygg- og tenestestatistikk som følgje av at det vart færre oppgåvegevarar. Oppgåvebøra for andre enn næringslivet minka fyrst og fremst fordi leseforståingsundersøkinga, som utgjorde tolv årsverk, vart avslutta i 2003.

Oppgåvebør. 1997-2004. Årsverk¹

	1997	1998	1999	2000	2001 ²	2002	2003	2004
I alt.....	200	196	196	189	168	177	179	167
Næringslivet	110	113	113	97	93	92	91	96
Andre	90	83	83	92	75	85	88	71

¹ Gjennomgang og kontroll av SSBs produktregister kan føra til justeringar av tala for tidlegare år.


² Oppgåvebøra knytt til Folke- og bustadteljing 2001 er ikkje rekna med i tala for 2001. Pårekna oppgåvebør er 368 årsverk.

Svarprosentar SSBs rett til å avgjera at næringslivet har plikt til å levera inn skjema, fører til at svarprosenten blir svært høg. I dei friviljuge undersøkingane er svarprosenten monaleg lågare, men likevel stabil. Jамvel om svarprosentane også her i all hovudsak er tilfredsstillande, blir det stadig meir arbeidskrevjande å halda han på eit akseptabelt nivå.

Det store fleirtalet av verksemdar og føretak er ikkje med i noka undersøking frå SSB i løpet av eit år.

I 2004 galdt dette 78 prosent, ein auke på 2 prosentpoeng frå året før. Av dei minste verksemdene (0-9 tilsette) er det berre 18 prosent som får tilsendt eit skjema, medan det mellom dei største verksemdene/føretaka er 87 prosent som er med i éi eller fleire undersøkingar.

Svarprosent. 1998-2004



Verksemdar/føretak som ikkje er med i undersøkingar, etter talet på tilsette. 2004. Prosent

	Totalt	Talet på tilsette		
		0-9	10-19	20 eller fleire
2003	76,3	80,6	35,5	8,6
2004	78,3	82,4	38,4	13,1

Talet på føretak fordelt på talet på undersøkingar og tilsette. 2004

Talet på undersøkingar	Talet på føretak	Talet på tilsette		
		0-9	10-19	20 eller fleire
I alt	311 846	288 646	13 135	10 065
0	244 151	237 796	5 039	1 313
1	50 984	44 753	4 267	1 964
2-4	14 138	6 033	3 640	4 465
5-9	2 140	59	186	1 895
10 +	433	5	3	425

Tvangsmulkt Føresegnene om opplysningsplikt som er heimla i statistikklova, gjev òg rett til å nytta tvangsmulkt mot dei som ikkje leverer skjema. Dei siste åra har vi sendt ut mellom 350 000 og 400 000 skjema med opplysningsplikt til næringslivet. Talet på vedtak om tvangsmulkt var i 2004 5 887, ein auke på om lag 400 frå 2003. Talet svingar noko av di det ikkje blir gjennomført like mange undersøkingar kvart år. Det er Statens innkrevjingssentral som krev inn mulkta, og pengane går rett i statskassa. I 2004 var det 1 275 som klaga på vedtak eller søkte om å få mulkta ettergjeven. Sjukefråværsstatistikken var tidlegare ei friviljug undersøking. Svarprosenten låg då på under 70. Då det vart innført opplysningsplikt, steig svarprosenten til over 90. Dette har hatt mykje å seia for statistikkvaliteten og har gjort det mogleg å publisera meir detaljert statistikk.

Publisering Talet på publikasjonsutgjevingar gjekk ned frå førre året, frå 170 til 153. Hovudårsaka er at den elektroniske publiseringa på ssb.no og Statistikkbanken som planlagt har teke over for papirpubliseringa. Serien Noregs offisielle statistikk blir no i hovudsaka brukt til dokumentasjonsføremål, og det blir lengre intervall mellom kvar utgjeving. Når det gjeld analysepublikasjonane, har utgjevingar i seriane Discussion Papers og Reprints stått for auken.

Kvart av tidsskrifta Økonomiske analyser og Samfunnsspeilet har kome med seks utgåver.

Titlar i ulike publikasjonsseriar og utgjevingar. 1996-2004

	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
Utgjevingar i alt	258	268	286	316	284	274	161	170	153
Noregs offisielle statistikk ¹ ..	83	76	61	64	48	66	46	47	28
Analysepublikasjonar ²	66	77	84	97	95	107	74	82	104
Andre utgjevingar	109	115	141	155	141	101	41	41	21
- Økonomiske analyser	9	9	9	9	9	6	6	6	6
- Samfunnsspeilet	4	4	6	6	6	6	5	6	6

¹ I tillegg kjem 501 hefte frå Folke- og bustadteljing 2001, utgjevne i 2003.

² Talet omfattar seriane Rapportar, Reprints, Discussion Papers, Statistiske analyser og Sosiale og økonomiske studier.

Fem utgjevingar i serien
Statistiske analyser

- Inntekt, skatt og overføringer 2003
- Norsk mediebarometer 2003
- På vei mot det gode samfunn? Om forholdet mellom ønsket og faktisk samfunnsutvikling
- Naturressurser og miljø 2004
- Innvandring og innvandrere 2004

I 2004 gav SSB-forskar Erling Røed Larsen ut boka "Alt du vil vite om samfunnsøkonomi, men aldri har våget å spørre om" på Gyldendal Norsk Forlag. Boka inneheld artiklar om tema som rentenivå, arbeidsløysse og inflasjon.

Forskningsverksemda –
publisering utanfor SSB

Auka publisering i utlandet er eit viktig mål for forskningsverksemda. Det var ein monaleg auke frå 2003 når det gjeld artiklar i utanlandske tidsskrift.


Ekstern publisering. 1996-2004

	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
Tidsskriftartiklar	28	20	39	24	41	35	34	38	50
- Utanlandske tidsskrift	21	13	17	15	28	22	17	22	30
- Norske tidsskrift	7	7	22	9	13	13	17	16	20
Bøker og bokartiklar	8	7	4	13	18	17	8	10	10
- Utanlandske	5	-	2	12	13	12	5	8	4
- Norske	3	7	2	1	5	5	3	2	6

Oppslag på ssb.no

I 2004 var det i alt 43,4 millionar oppslag på ssb.no, medan det i 2003 var 38 millionar. Dei fleste brukarane kjem til ssb.no frå søkjetenesta Google. Det er lagt mykje arbeid i å gjera websidene til SSB tilgjengelege via søkjemaskinar. Søkjerobotar som Google stod for om lag 30 prosent av oppslaga i 2004.

Talet på weboppslag. 1997-2004. Millionar




Statistikkbanken

Statistikkbanken inneheldt 1 338 tabellmatrisar ved utgangen av 2004, nesten ei fordobling frå førre året. 34 prosent av alle statistikkane som vart publiserte i 2004, hadde full dekning med alle tal i Statistikkbanken, og 30 prosent hadde delvis dekning. Bruken av Statistikkbanken rekna etter talet på tabelluttak auka med 45 prosent frå 2003 til 2004.

Førespurnader til SSB-
biblioteket

Nedgangen i talet på førespurnader til SSBs bibliotek og informasjonssenter heldt fram i 2004, jamvel om det var ein liten auke i talet på førespurnader via e-post. Nedgangen ser ut til å koma av at folk brukar ssb.no meir enn før.


Talet på førespurnader til SSB-biblioteket. 1995-2004



Høyringar SSB er ofte høyringsinstans når det skal lagast nye lover og forskrifter, og i samband med offentlege utgreiingar. I 2004 laga SSB 62 høyringsfråsegner; sjå www.ssb.no/omssb/horing/.

Mediebruk Tal eller andre opplysningar frå SSB blir dagleg refererte i norske medium. Den stadige bruken av statistikk og analyseresultat frå SSB syner tydeleg kva rolle SSB har som informasjonskjelde i samfunnet. Vi har informasjon om kjeldetilvising til SSB for dei om lag 100 elektroniske media i Noreg. Her er alle dei største avisene og etermedia tekne med. Eit utval av dei største (Dagsavisen, Dagens Næringsliv, Aftenposten, Nationen, Drammens Tidende, Stavanger Aftenblad, Adresseavisen, Bergens Tidende, Sunnmørsposten, Fædrelandsvennen, Nordlys, NRK og TV2) syner 4 904 SSB-oppslag i 2004, mot 5 304 i 2003.

SSB i media. 2001-2004



Målbruk – nynorskprosent SSB stetta krava i mållova på dei fleste område i 2004, med 30 prosent nynorsk på dei daglege frigjevingane og 28 prosent på papirpublikasjonen Noregs offisielle statistikk, som òg blir lagd ut på ssb.no. For papirpublikasjonane under eitt vart nynorskprosenten 10. Alle skjema frå SSB er tilgjengelege både på bokmål og nynorsk.


Punktleg frigjeving – aktualitet Både i utlandet og i Noreg er det eit krav at offentleggjering av offisiell statistikk skal varslast på førehand, og at offentleggjeringa skal skje på det tidspunktet som er kunngjort. Dette er viktig mellom anna for å unngå at ulike interesser kan påverka til eigen fordel. Statistikken må korkje koma for tidleg eller for seint. I 2004 var det 11 prosent av dei annonserte statistikkfrigjevingane som ikkje kom til varsla tidspunkt.

Punktleg frigjeving. Avvik i høve til annonsert tidspunkt. 1997-2004. Prosent

	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
Avvik i alt	14	10	13	15	13	10	8	11
For tidleg	6	2	4	2	3	2	2	2
For seint	8	8	9	13	10	8	6	9

Skal statistikken opplevast som nyttig for brukarane, er det viktig at han er mest mogleg aktuell, det vil seia at det ikkje har gått for lang tid sidan den perioden statistikken dekkjer. Kor aktuell statistikken er, måler vi etter kor mange veker det går frå referanseperioden er slutt til statistikken blir frigjeven. Dette er den vanlege måten å måla aktualitet på også internasjonalt. Den reduserte aktualiteten i kvartalsstatistikken for 2004 kjem av ekstraarbeid i samband med omlegginga av lastebilundersøkinga og byggjekostnadsindeksen for anlegg.

Aktualitet. Produksjonstid i veker. 1999-2004



Ressursbruk på ulike område

Halvparten av tidsbruken i SSB går med til rein statistikkproduksjon. 22 prosent av tida blir brukt til utviklingsprosjekt i statistikk, forskning og analyse. Ressursbruken i SSB, fordelt på ulike område, endra seg lite frå 2003. Oversikta syner ressursfordelinga når fråvære er halde utanfor.

Timeverk etter verksemdstype. 1999-2004. Prosent

Verksemdstype	1999	2000	2001	2002	2003	2004
Statistikkproduksjon	60	61	63	62	61	60
- Fast statistikkproduksjon	53	54	54	52	51	50
- Utviklingsprosjekt	7	8	9	10	11	10
Forskning og analyseprosjekt	10	10	9	10	11	12
Administrasjon og planlegging	10	9	9	10	10	10
Interne støttefunksjonar	20	20	19	18	17	18

Stabil tillit til SSB

70 prosent av folket har stor tiltru til SSB, syner MMI-undersøkinga om kva tiltru folk har til 27 ulike institusjonar. Dette er om lag same prosenten som tidlegare og plasserer SSB på ein sjuandeplass etter politiet, forbrukarombodet, NRK, bankane, utdanningssystemet og TV 2.

Ei anna MMI-undersøking (Profilundersøkelse av norske etater og organisasjoner 2004) rangerer SSB på ein tolvteplass (blant 83 etatar), og 59 prosent av dei spurde seier dei har eit ”meget eller ganske godt inntrykk” av SSB. Berre 4 prosent seier dei har eit dårleg inntrykk.

5. På jobb i SSB

Det var budsjettert med 889 årsverk i 2004, det same som i 2003. Det vart færre mellombels-stillingar på statsoppdraget på grunn av avviking av stillingar knytte til folke- og bustadteljinga i 2001. Det var ein tilsvarande auke i brukarfinansierte stillingar.

Budsjetterte årsverk. 1993-2004

	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
Årsverk i alt	785	798	798	813	823	821	821	838	839	852	867	889	889
Statsoppdraget	645	619	612	619	624	652	652	664	659	650	658	677	669
- av dei mellombels ..	43	35	24	32	38	42	42	55	43	59	67	87	59
Brukaroppdraget	140	179	186	194	199	169 ¹	169	174	180	202	209	212	220

¹ Nedgangen på brukaroppdraget frå 199 årsverk i 1997 til 169 årsverk i 1998 kjem av at ei omfattande registreringsoppgåve for Statens pensjonskasse vart slutført i 1997.

SSB hadde 942 medarbeidarar ved inngangen til 2005, medrekna 22 som var i fødselspermisjon. Ved byrjinga av 2004 var det 930 tilsette. Auken kjem særleg av vekst i oppdragsfinansierte internasjonale utviklingsprosjekt. Medarbeidarane fordelte seg med 557 i Oslo og 385 på Kongsvinger. I tillegg er det 129 lokale intervjuarar rundt i landet og 28 intervjuarar sentralt som arbeider med spørjeundersøkingar.


39 prosent av dei tilsette har arbeidd i SSB i 20 år eller lenger. Den delen av medarbeidarane som har vore tilsett kortare enn fem år, har gått ned frå 33 til 30 prosent, medan den delen som har vore tilsett i 5-9 år, har auka frå 12 til 16 prosent. 6 prosent har vore tilsette i 10-14 år og 9 prosent i 15-19 år. Talet på medarbeidarar med 30 års tenestetid eller meir auka med 24 i 2004 til 150 personar.

Kvinner og menn i SSB

Hausten 2004 skipa SSB ei partssamansett gruppe som skal koma med framlegg til korleis SSB kan arbeida aktivt, planfast og målretta med likestilling. I tillegg er det utvikla ein ny livsfasepolitikk som skal ta omsyn til dei behova kvar einskild tilsett har for tilrettelegging og oppfølging i ulike livsfasar.

Det er fleire kvinner enn menn mellom dei tilsette. Ved inngangen til 2005 var det 55 prosent kvinner og 45 prosent menn, om lag som ved førre årsskiftet. Det er klårt fleire kvinner enn menn over 40 år. Mellom dei tilsette under 40 år er det flest menn. I SSB i Oslo er det om lag like mange kvinner og menn. På Kongsvinger er kvinneprosenten 63.

Tilsette i SSB 31. desember 2004



På dei lågaste stillingsnivåa er det om lag 90 prosent kvinner, medan menn er i fleirtal på akademikarnivå og i leiarstillingane. På mellomnivået er det om lag lik fordeling mellom kvinner og menn.

Kvinnedel ved inngangen til året. 1999-2005. Prosent


	1999	2002	2003	2004	2005
Kontorstillinger	93	90	94	93	90
Saksarbeidarstillingar, lågt nivå	79	84	85	84	84
Saksarbeidarstillingar, høgt nivå	40	43	48	50	48
Høgare fagstillingar/forskarstillingar	34	32	33	35	37
Leiarstillingar	24	30	33	29	29


Ved inngangen til 2005 hadde SSB 52 leiarar – 15 kvinner og 37 menn. Det gjev ein kvinnedel på 29 prosent, det same som ved førre årsskiftet. Gjennomsnittsalderen på leiarane er 49 år. Av dei 52 leiarane var 21 leiarar i SSB også for fem år sidan. På det tidspunktet hadde 15 av dei som er leiarar i dag, leiinga for same seksjon eller avdeling som i dag, medan seks var leiarar i ein annan seksjon. Blant dei 31 nyare leiarane var det ni kvinner. Av dei same 31 var det seks som ikkje var tilsette i SSB før dei vart tilsette som leiarar; fem av desse er kvinner.

Løn, stilling og utdanning

Den gjennomsnittlege månadsløna var på 27 730 kroner per 1. oktober 2004. Kvinnelege heiltidstilsette tente i gjennomsnitt i underkant av 26 000 kroner i månaden, og det er 12 prosent mindre enn dei mannlege heiltidstilsette, som hadde ei månadsløn på vel 29 000 kroner. Lønsskilnadene kjem blant anna av høg kvinnedel i dei lågaste stillingsgruppene, og at desse i stor grad har lågare utdanning. Jamført med året før hadde kvinnelege heiltidstilsette ein lønsauke på 5,1 prosent, medan auken for menn var på 4,2 prosent i same perioden.

Gjennomsnittleg månadsløn for heiltidstilsette menn og kvinner i SSB, etter utdanning. 1. oktober 2004. Kroner



Gjennomsnittleg månadsløn for heiltidstilsette menn og kvinner i SSB, etter stilling. 1. oktober 2004. Kroner


Leiarane i SSB hadde i 2004 ei gjennomsnittleg månadsløn på godt og vel 40 000 kroner. Kvinnelege leiarar tener 3,7 prosent mindre enn mannlege leiarar. Blant forskarane og fyrstekonsulentane i SSB tener kvinner og menn om lag det same, medan gjennomsnittsløna til kvinnene i dei lågaste stillingsgruppene ligg så vidt over løna til mennene.

Største lønsskilnaden mellom kvinner og menn finn vi blant heiltidstilsette rådgjevarar og prosjektleiarar, der heiltidstilsette menn tener 31 399 kroner i månaden, 4,8 prosent meir enn kvinnene.

Blant heiltidstilsette kvinner er det dei i aldersgruppa 35-39 år og dei over 60 år som i gjennomsnitt tener best. Blant menn er det dei over 60 år som tener best.

Kvinner med utdanning frå universitet eller høgskule og opp til 15 års tenestetid tener 2-3 prosent mindre enn menn med tilsvarende utdanning og tenestetid. Kvinner med 16-23 års tenestetid tener 7,5 prosent meir enn mennene i same gruppa, men i gruppa med 24 års tenestetid og meir tener kvinnene 4,9 prosent mindre enn mennene.

Ved inngangen til 2005 hadde 45 prosent av dei tilsette i SSB høgare universitetsutdanning, og 18 prosent hadde utdanning på høgskulenivå eller lågare universitetsutdanning. Det er klare kjønnskilnader i utdanningsnivået. 32 prosent av kvinnene hadde universitetsutdanning av høgare grad, mot 61 prosent av mennene. 44 prosent av dei tilsette med høgare utdanning hadde vore tilsette kortare enn fem år.

184 tilsette i SSB har deltidsarbeid, og 70 av desse arbeider mindre enn 80 prosent. Det er flest kvinner som har deltidsarbeid.

Miljøleing

Ein handlingsplan for innføring av miljøleing i SSB vart vedteken i 2004. Handlingsplanen gjer greie for korleis SSB påverkar det ytre miljøet gjennom innkjøp, avfall, energi og transport. Planen inneheld ei rekkje tiltak på kvart område. Miljøleing blir heretter ein del av helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet i SSB.

Inkluderande arbeidsliv

SSB har avtale om inkluderande arbeidsliv. Måla for dette arbeidet er å medverka til at sjukefråværet held seg på eit lågt nivå, og å ta vare på dei ressursane som medarbeidarar i alle aldrar representerer, gjennom ein aktiv livsfasepolitikk.

Gjennomsnittleg sjukefråvære i 2004 var på 4,5 prosent, medan det låg på 6,2 i 2003. Dette er det lågaste sjukefråværet sidan 1998. Det er langtidsfråværet for kvinner som har dominert sjukefråværet, og det er i denne gruppa sjukefråværet har gått mest ned.

SSB arbeider heile tida med å betra helsa, miljøet og tryggleiken for kvar einskild medarbeidar ut frå behovskartlegging i medarbeidarsamtalar og eigne årlege samtalar om dette. Annakvart år lagar vi rapportar med konkrete oppfølgingstiltak. For å unngå helseplager blir det lagt vekt på fysisk tilrettelegging av arbeidsplassen. Oppfølging av sjukmelde og grupper/personar som står i fare for å bli sjukmelde, har prioritet. Vi har eit organisert tilbod om trening for helse både i Oslo og på Kongsvinger. Om lag 230 deltakarar er med på denne ordninga, og av desse er 174 kvinner.

Representantar for dei fem fagforeiningane i SSB er med i arbeidsmiljøutvalet og i arbeidsmiljø- og samarbeidsutvalet. Dei tilsette har òg ein representant i styret for SSB. Fagforeiningane tek aktivt del i både det faglege og det personalpolitiske arbeidet i SSB.

Kompetanseutvikling og rekruttering


Det vart brukt 6,4 millionar kroner til eksterne og interne utviklingstiltak for dei tilsette i SSB i 2004. Halvparten av midlane gjekk til interne kursprogram. I løpet av året vart det halde 110 interne kurs med til saman 815 deltakarar.

Tre medarbeidarar i SSB tok doktorgraden i 2004. I alt har 28 medarbeidarar doktorgrad. SSB har 64 forskarar, av dei 21 seniorforskarar og 10 i leiarstillingar.

Ved utgangen av 2004 er 25 medarbeidarar kvalifiserte som statistikkrådgyvarar. Dette er ei ordning for å betra kvaliteten på statistikkproduksjonen, skapa ein alternativ karriereveg og demma opp for turnover i gruppa av medarbeidarar med kort ansiennitet. I 2004 gjennomførde SSB eit pilotprosjekt for å testa ut ein ny metode for karriereutvikling. Prosjektet vart finansiert av midlar etter hovudtariffavtalen.

Arbeidet med leiingsutvikling vart i 2004 vidareført avdelingsvis. Det har vore eit ønske å skapa betre samanheng mellom leiingsutviklingstiltak og dei daglege leiingsoppgåvene og finna ut korleis satsinga på leiingsutvikling dei siste åra har verka inn på leiarpraksisen vi har i dag.

Det vart tilsett 51 medarbeidarar i 2004, medan det i 2003 vart tilsett 57. Av dei nytilsette hadde 76 prosent høgare universitetsutdanning. I 2004 slutta 44 personar, mot 52 i 2003, det vil seia 5 prosent av dei tilsette. 66 prosent av dei som slutta, hadde høgare utdanning, og 45 prosent hadde 0-4 års tenestetid.

Sjukefråvære. 1996-2004. Prosent

6. Årsmelding frå administrerande direktør

Samordningar og effektivisering av statistikkproduksjonen stod sentralt i verksemda til SSB i 2004. Statistikkrådet vart skipa med verknad frå 1. januar. Samordning av arbeidet internt er viktig for at SSB skal stå fram som ein einskapleg institusjon for brukarar og oppgåvegjevarar. Vi er komne langt i formidlinga av statistikk og analysar via *ssb.no*, temasider og Statistikkbanken. Eit viktig gjennombrøt kom på datafangstområdet i 2004 ved at alle oppgåvegjevarar no kan velja å rapportera elektronisk. Eit breitt internasjonalt statistikksamarbeid vart vidareført.

Administrative register Administrative register står heilt sentralt i statistikkproduksjonen. Etter mønster av verksemds- og føretaksregisteret arbeider SSB med å byggja opp eit system for forvaltning av populasjonane av grunneigedomar, adresser, bygningar og bustader, som blir ein viktig basis for statistikkproduksjonen. Eit hovudpoeng er å kunna kopla informasjon frå dei ulike basisregistra. For å styrkja samarbeidet med andre registereigarar og medverka til ei meir effektiv registerforvaltning i Noreg, vart eit permanent registerforum formelt konstituert i august 2004.

Kvalitet og data om data SSB har satsa på systematisk kvalitetsarbeid i fleire år. I dette arbeidet står dokumentasjon svært sentralt. Relevant dokumentasjon trengst for at brukarane skal kunna finna, forstå og bruka statistikken. Dokumentasjon er òg ein føresetnad for effektive arbeidsprosessar. Metadata er strukturert dokumentasjon om data og statistikk. Det vart i 2004 utvikla ein strategi for eit meir samordna metadatasystem i SSB.

Prisprosjektet Prisprosjektet kom i gang for alvor i 2004. Dette arbeidet skal medverka til betre pris- og volummålingar i offisiell statistikk. Eit aktuelt satsingsfelt er prisstatistikk for tenester, der det kan vera særleg vanskeleg å skilja mellom pris-, volum- og kvalitetsendringar. Arbeid med å betra prisindeksar er eit viktig satsingsområde også internasjonalt.

Statistikk for utanrikstransaksjonar Statistikk for utanrikstransaksjonar (UT-prosjektet), som er eit samarbeidsprosjekt mellom SSB og Noregs Bank, går no inn i den avsluttande fasen, og dei viktigaste utviklingsoppgåvene skal vera avslutta i løpet av 2005. Frå 2005 vil arbeidet bli konsentrert om drifta av dei nye statistikkane om utanrikstransaksjonar. Ein konsekvens av UT-prosjektet er at den månadlege utanriksrekneskapan blir kvartalsvis frå 2005.

Oppgåvebør Korleis SSB kan henta inn data til statistikkføremål, er heimla i statistikklova. Det er eit mål at næringsliv og privatpersonar skal bruka så lite tid og ressursar som råd på å fylla ut skjema eller gje opplysningar til det offentlege på annan måte. Derfor gjeld det å ta i bruk nye løysingar straks slike finst. For å halda oppgåvebøra så låg som råd satsar SSB på gjenbruk av administrative data, direkte uttrekk frå fag-systema i verksemdene, innsamling av data frå tredjepart og forenkling av skjema og skjemautfylling, særleg ved hjelp av elektronisk datarapportering.

Meir gjenbruk gjorde at vi i 2004 fekk ein nedgang i oppgåvebøra knytt til fleire av dei tradisjonelle undersøkingane.

EØS-samarbeidet I 2004 fekk EU ti nye medlemsland, og det stiller også EØS-landa overfor nye utfordringar når det gjeld deltaking og synleggjering.

Sidan starten i 1994 har EØS-samarbeidet ført til ei vesentleg omlegging og vidareutvikling av norsk statistikk, særleg som følge av bindande rettsakter. Utviklinga har ført med seg at statistikk har vorte lettare å samanlikna over landegrensene. Ved utgangen av 2004 omfatta statistikksamarbeidet rundt 145 rettsakter.

Nordisk samarbeid

Det nordiske samarbeidet er aktivt og godt. Det vart tydeleg demonstrert på dei nordiske møta som vart haldne i Finland i 2004. På det nordiske sjefsområdet i Svartå vart det sett i gang interessante samarbeidsprosjekt både om felles datafangst frå føretak med verksemd i fleire nordiske land og om felles statistikk om sysselsetjing og grensehandel. På den måten kan Norden brukast som verkstad for utviklingsoppgåver før andre samarbeidspartnarar blir dregne inn. På det store nordiske statistikarmøtet i Åbo var det mange deltakarar frå SSB, og dei deltok aktivt på sesjonane.

Tilbygg

I 2004 vart det fyrste spadetaket teke for det nye tilbygget på Kongsvinger. Det inneber at vel ti års brakkeliv vil vera slutt hausten 2005. Det nye bygget skal knytast til det eksisterande og hysa rundt 100 arbeidsplassar.

Ein handlingsplan for miljøleing i SSB vart utarbeidd i 2004. Handlingsplanen føreslår miljøvenlege tiltak på satsingsområda energi, avfall, transport, reiser og innkjøp.

SSB har avtale om inkluderande arbeidsliv. Måla for dette arbeidet er å medverka aktivt til at sjukefråværet held seg på eit lågt nivå, og å ta vare på ressursane som medarbeidarar i alle aldrar representerer, gjennom ein aktiv livsfasepolitikk. Det gjennomsnittlege sjukefråværet i 2004 var på 4,5 prosent. Det er det lågaste sjukefråværet sidan 1998.

Det er mange dugande menneske i SSB som sørgjer for at hjula går rundt – og at det går framover! Som nytilsett sjef vil eg takka alle tilsette i SSB og organisasjonane deira for innsatsen i året som gjekk. Eg er glad for at de skal vera med vidare, og ser fram til eit godt samarbeid og endå betre statistikk.




Øystein Olsen
Øystein Olsen

7. Verksemda i 2004

Arbeidet som vart utført, fordelte seg på desse emneområda:

Utførde timeverk fordelt etter emne. 2002-2004. Prosent



7.1 Elektronisk datafangst

Elektronisk innrapportering frå næringslivet skjer ved hjelp av SSBs eiga internett-løysing, IDUN, via AltInn og gjennom uttrekk av data frå datasystema til føretaka, til dømes lønssystema. Det blir òg samla store datamengder direkte frå kjedekontora i detaljhandelen framfor å henta data frå kvar einskild forretning.

Den delen av oppgåvegjevarane som nyttar IDUN, aukar jamt. Statistikk for industrien, som har hatt tilbod om rapportering via IDUN sidan 2000/2001, har ein svardel i elektronisk form på rundt 2/3 av alle skjema. For andre undersøkingar har denne delen auka frå 10-15 prosent i 2003 til over 30 prosent i 2004.

Når det gjeld innrapportering om løn, kan filuttrekk genererast frå lønssystema til verksemdene og sendast til SSB. Til dei kvartalsvise lønsstatistikkane rapporterer rundt 65 prosent av dei 1 700 oppgåvegjevarane elektronisk. Til dei årlege lønsstatistikkane rapporterer rundt 30 prosent av dei 14 000 oppgåvegjevarane elektronisk. Det er dei største føretaka med mange tilsette som leverer filuttrekk, og derfor utgjer dei elektronisk rapporterte observasjonane ein mykje større del enn talet på oppgåvegjevarar skulle tilseia.

For å gjera IDUN meir tilgjengeleg vil vi i 2005 arbeida med å knyta IDUN tettare til AltInn.

7.2 Populasjonsforvaltning

Populasjonsforvaltning går ut på å halda orden på alle einingane i statistikkproduksjonen. Etter mønster frå verksemds- og føretaksregisteret er målet å byggja opp eit SSB-system som skal forvalta populasjonane av grunneigedomar, adresser, bygningar, bustader og hushald på ein samordna og føremålstenleg måte for heile statistikkproduksjonen. Arbeidet omfattar òg populasjonsforvaltning av samspelet

mellom Det sentrale folkeregister og databasen Besys i SSB og dessutan arbeidet med offentleg sektor, store einingar/konsern og gjennomføringa i ei ny arbeidsdeling mellom Brønnøysundregistra og SSB når det gjeld verksemds- og føretaksregisteret.

Det er viktig å sjå adresse som koplingsnykel for basisregistra. Kopling av data i basisregistra vil vera til hjelp i arbeidet med kvalitetssikringa. Fyrste fasen av ny arbeidsdeling mellom Brønnøysundregistra og SSB vart gjennomført i 2004. SSB tek ansvaret for utvalde store føretak/konsern som er viktige for statistikk, mellom anna statistikk over utanrikstransaksjonar.

7.3 Økonomisk statistikk og næringsstatistikk

Nasjonalrekneskapen

I 2004 vart endelege tal frå nasjonalrekneskapen, som er samansett av realrekneskap, arbeidskraftsrekneskap og institusjonell rekneskap, for fyrste gong publiserte 23 månader etter utgangen av året. Dette er ei betring av aktualiteten med tre månader.

Oppfølginga av rapporten om *kvalitetsarbeid knytt til KNR* har stått sentralt i arbeidet i 2004. I desember vart fyrste delen av ein revisjonsanalyse publisert.

Det har i 2004 vore arbeid med den nye *arbeidskraftsrekneskapen*, som skal ta-kast i bruk i nasjonalrekneskapen på fast basis i samband med talrevisjonen i 2006.

Prisprosjektet

Målet med prosjektet er å utvikla ny og vidareutvikla eksisterande pris- og mengdestatistikk, særleg for tenester der mange område framleis er udekte. I 2004 har vi arbeid med å utvikla prisstatistikk for godstransport på veg, bilutleige, juridisk tenesteyting, reingjering og telekommunikasjon. Det har òg vore arbeid med å utvikla prisstatistikk for sjøfart og luftfart. Arbeidet med å utvikla eit nytt opplegg for forsikringstenester i konsumprisindeksen kom i gang i april.

I tillegg er det arbeid med ei rekkje metodeprosjekt knytte til prismåling for personbilar i konsumprisindeksen og prismåling for import av bilar i produsentprisindeksen. Det er òg utvikla nye metodar for kollektive tenester i offentleg sektor i nasjonalrekneskapen.

Utanrikstransaksjonar

I 2004 byrja SSB med kvartalsvis innhenting av data for ikkje-finansiell sektor og frå alle store og eit utval mindre føretak.

SSB lagar eit eige opplegg for innsamling av data for å leva opp til internasjonale avtalar om statistikk for direkte investeringar. Det er meininga å nytta utanlandsoppgåva til Skattedirektoratet, men det krev ei omlegging i direktoratet som fyrst vil koma i 2008.

Rutinar for å nytta andre registerdata frå blant andre Skattedirektoratet, Rikstrygdeverket og Toll- og avgiftsdirektoratet vart etablerte i 2004.

Når det gjeld hushaldssektoren, har aktiviteten i 2004 vore konsentrert om eit opplegg for rapportering frå kortselskapa og om undersøkingar om reiseliv og grensehandel. Desse intervjuundersøkingane er komne i gang. Frå og med 1. kvartal 2004 er det etablert eit system for rapportering om livs- og skadeforsikring, pensjonskasser, finansielle holdingselskap, kapitaltransaksjonar, finansinntekter og kostnader overfor utlandet.

Statistikk for arbeid og inntekt

For fyrste gong vart det i 2004 publisert statistikk fordelt etter yrke både for sjukefråvære og for sysselsetjing. Koding av yrke for kommunesektoren og helseføretaka står att.

I 2004 vart statistikk frå likninga for lønsmottakarar og pensjonistar publisert seks månader etter utgangen av skatteåret. Dette er ei vesentleg betring.

*Byggjekostnadsindeks
for anlegg*

Frå og med 2004 publiserer SSB indeksar for tre typar anlegg i tillegg til totalindeksen for veganlegg. Det er indeksar for innsatsfaktorane materialar og maskinar og for veganlegg. På den andre sida er indeksen for utbygging av vasskraft nedlagd. Dette skjedde i samråd med dei viktigaste brukarane. Det nye vektgrunnlaget for byggjekostnadsindeksen for anlegg vart teke i bruk i 2004.

*IKT-statistikk for
offentleg sektor*

Basert på datainnsamling gjennom KOSTRA vart statistikk om IKT-bruk i kommunane publisert våren 2004. I 2005 vil SSB for fyrste gong henta inn data om IKT-bruk i fylkeskommunane. Saman med ei ny undersøking av IKT-bruk i staten som vart publisert i november 2004, er statistikken om bruk av IKT i offentleg sektor no så godt som heildekkjande. I 2004 vart dessutan statistikk om IKT-bruk i grunnskulen tilgjengeleg via datafangst gjennom Grunnskolens informasjonssystem.

Landbruksstatistisk system

Arbeidet med å vidareutvikla eit landbruksstatistisk system basert på integrasjon av data frå fleire administrative register stod sentralt i 2004. Ein av føremonene med eit slikt system er at det kan redusera omfanget av ei fullstendig jordbruksteljing i 2009. Gjenbruk av data har vorte lettare, og vi har fått betre høve til spesialkøyringar til analyseføremål. Kontrollen med vanskelege delpopulasjonar som gartneri og spesialiserte husdyrhald blir gradvis betre.

7.4 Statistikk for offentleg sektor

KOSTRA

KOSTRA-publiseringa i 2004 vart utvida med tre nye område: gebyr og brukarbetaling, kjøp av tenester i kommunal sektor og kommunal eigeidomsdrift. For fyrste gong vart det òg publisert finansielle nykeltal som behandlar kommunane som konsern, der kommunale føretak og interkommunalt samarbeid er med. Alle KOSTRA-tala er òg tilgjengelege via Statistikkbanken. I mars vart det for fyrste gong publisert eit sett med berekna nasjonale tal, basert på ein ny metode for å anslå (imputera) verdiar der det manglar rapportering.

Bruken av KOSTRA-opplegget for elektronisk rapportering aukar stadig. Kvartalsrapporteringa av rekneskapar frå kommunane skjer no via KOSTRA, som skal utvidast med rapportering for kyrkjeleg sektor. I tillegg vart det hausten 2004 gjennomført eit pilotprosjekt for innrapportering av lønsdata på individnivå frå kommunane.

Statistikk om sjukehusa

SSB har publisert statistikk for talet på sjukehusplassar, personell, aktivitet og rekneskap, men det er framleis utfordringar etter eigarskifte og omorganisering. Endelege tal for 2003 vart offentleggjorde i september 2004. Det var seinare enn planlagt, og årsaka var sein rapportering av rekneskapar frå helseføretaka. For 2003-årgangen fekk helseføretaka òg pålegg om å rapportera rekneskapar på institusjonsnivå. SSB samarbeider med Sintef Helse om kvalitetssikring av tala.

Vi arbeider med å sikra felles prinsipp for rekneskapane til helseføretaka. Vidare er det eit mål på lengre sikt å få på plass registerbasert personellrapportering i staden for bruk av spørjeskjema. Rapporteringa til register må blant anna skilja mellom personell knytt til somatiske tenester, psykiatri og rusomsorg.

7.5 Personstatistikk

Val

Valstatistikken for 2003 vart offentleggjord noko seinare enn ved tidlegare lokalval, og monaleg seinare enn planlagt. Omlegginga til elektronisk rapportering av det endelege valresultatet fungerte ikkje slik det var tenkt. Dette er viktige røymsler å ta med i arbeidet for å få ei effektiv og rasjonell rapportering ved seinare val. Statistikken frå lokalvala er no utvida med ein statistikk over medlemmer av kommunestyre og fylkesting basert på individopplysningar. Dette gjer det mogleg for

SSB å laga tal for blant anna alders- og kjønnsfordeling, utdanning og inntekt for dei som er innvalde.

Bustadadressene Nær 95 prosent av alle busette i Noreg er registrerte på ei unik adresse i folke-registeret. Men det er geografiske skilnader i dekninga, og manglane er størst i Oslo. Bustadadresseprosjektet er avslutta, men vi arbeider vidare med kvaliteten og med sikring av rutinane for ajourhald. Basert på ei grundig utgreiing om kvaliteten og eksisterande ajourhald har SSB, Skattedirektoratet og Statens kartverk i felles-skap utarbeidd ein tiltaksplan.

Folketeljingsrelatert statistikk Folke- og bustadteljinga 2001 vart avslutta med at teljinga vart ferdig dokumentert. Framtidige folke- og bustadteljingar skal vera registerbaserte. Hovudoppgåva i 2004 har vore å byggja opp det datagrunnlaget som trengst, ved å setja saman data frå ulike sektorar og produsera variablar som krev opplysningar frå fleire statis-tikkområde.

Hovuddatakjelda for den registerbaserte familie- og hushaldsstatistikken er infor-masjon om bustadadresse i folkeregisteret. Trass i nokre manglar er det fullt mog-leg å gje hushaldstal på kommune-/bydelsnivå. Metodar for å identifisera hushald og sambuarpar er utvikla og testa. I utviklingsarbeidet brukar vi både registerdata og data frå relevante utvalsundersøkingar. Eit opplegg for eit fast oppdatert statis-tisk hushaldsregister er under arbeid. Modellen omfattar blant anna revisjon av registerdata og imputering der opplysningar manglar. Registeret skal brukast til å laga ein ny hushaldsstatistikk og ein forbetra familie- og barnestatistikk og skal dessutan vera datagrunnlag for andre statistikkar med hushald som eining. Vi har vurdert datakjelder for faktisk adresse for bortebuande studentar.

7.6 Forskingsverksemda

Skatt, fordeling og forbrukaråtfærd Skatteberekningsmodellen LOTTE har aldri vore brukt så mykje som i 2004, blant anna som følgje av stortingsbehandlinga av framlegget til ny skattereform. Model-len KONSUM-G, som blant anna gjer greie for verknader av å endra avgifter på alkohol og tobakk, er no etablert og oppdatert. Forsking på skatt, fordeling og for-brukaråtfærd har stor interesse både blant politikarar og folk flest.

Energi- og miljøøkonomiske analysar Det vart sagt og skrive mykje om dei høge straumprisane førre vinteren. Derfor laga og offentleggjorde vi ei rekkje analysar og utgeiingar om korleis aktørane i kraftmarknaden handterte dei spesielle omstenda. Særleg interessant er det kor raskt hushalda justerte forbruket etter dei auka prisane. Vi laga òg analysar av så-kalla grøne sertifikat i miljøpolitikken og korleis samanhengen er mellom økono-misk utvikling og miljøtilhøve. Endeleg studerte vi kva miljøreguleringar har å seia for produktiviteten i verksemdene. Resultata syner at det ikkje treng vera nokon negative verknader av reguleringane, slik det ofte blir hevda.

Konjunkturanalysar og makromodellar Det har dei siste åra vore stor og aukande interesse for konjunkturutviklinga og korleis norsk økonomi verkar. Innføringa av inflasjonsmål i pengepolitikken har truleg medverka til dette ved at renteutviklinga no heng klårare saman med korleis sentrale makroøkonomiske variablar endrar seg. I 2004 vart det som vanleg utar-beidd fire konjunkturrapportar med prognosar og alternative berekningar som blant anna kastar lys over korleis økonomien verkar. Vi har studert kva renter og valuta-kurs har å seia for den innanlandske konjunktur- og prisutviklinga. Det har òg vore arbeid med å analysa finansmarknadene med sikte på å betra modellane på desse områda.

Analysar av arbeidsmarknad og bedriftsåtfærd Det vart i 2004 gjennomført eit stort prosjekt for å måla korleis skulane påverkar læringa hos elevane, og samanhengar mellom ressursbruk og resultat i skulen. Eit prosjekt om kvalitetsjusterte prisindeksar for bilar er gjennomført. Prosjektet viser at metodevalet når indeksar skal lagast, kan ha mykje å seia for resultatet. Eit fleir-årig prosjekt for evaluering av SkatteFUNN-ordninga er sett i gang. Det er etablert

ein kapitaldatabase for industriføretak for 1993-2002 basert på kopling av rekneskapsstatistikk og industristatistikk.

Offentlege finansar

Analysar av verknader av den føreslegne pensjonsreforma har vore ei hovudoppgåve i 2004. Vi har utført omfattande oppdrag for Finansdepartementet og Arbeids- og sosialdepartementet i samband med stortingsmeldinga om reformer av pensjonssystemet. Analysane av sparing i hushalda er vidareførde med hovudvekt på verknader av skattesystemet for nivå og porteføljesamansetning.

Analysar av kommunal og regional økonomi

Det er utvikla registerpaneldata med hushaldskjennemerke for perioden 1993-2001. SSB planlegg å bruka desse data blant anna i analysar av inntektsmobilitet og kronisk fattigdom. Ein mikroøkonometrisk modell for arbeidstilbod vart utvikla, estimert og brukt i analysar av skatte- og pensjonsreformer. Studiar av regional arbeidskraftmobilitet syner at inntektsveksten har vore høgare blant mobile enn ikkje-mobile personar.

Økonomisk vekst og effektivitet

Analysar SSB har utført av fordelingsverknader av ulike reformer i meirverdiavgiftssystemet, syner at meirverdiavgiftsreforma frå 2001 gjer sitt til at det blir større likskap, og at det viktigaste bidraget kjem frå halvinga av meirverdisatsen på næringsmiddel. Men analysane syner òg at denne reforma gjev eit samfunnsøkonomisk effektivitetstap samanlikna med ei uniform meirverdiavgiftsreform som gjev både ein samfunnsøkonomisk effektivitetsgevinst og medverkar til større likskap. Vidare er det gjennomført analysar av effektivitetsverknader av subsidiering av energi til kraftkrevjande industri. Desse analysane syner at andre former for kompensasjon, til dømes generelle overføringar til desse næringane, gjev større samfunnsøkonomisk effektivitet enn det fritaket for elektrisitetsavgift vi har i dag. Vidare vart det i 2004 sett i gang eit prosjekt som analyserer drivkrefter bak teknologisk utvikling og kunnskapsakkumulasjon i eit lite, ope land som Noreg. Dette prosjektet fokuserer spesielt på samanhengen mellom innovasjonspolitik og miljøpolitikk for å nå miljøpolitiske mål.

Petroleums- og miljøøkonomiske analysar

Det er utvikla ein global oljemarknadsmodell. Ein analyse basert på denne modellen tyder på at det vil vera lønsamt for OPEC sjølv på litt lengre sikt å setja ein høg oljepris. I 2004 vart det gjennomført ein studie av kostnadsutviklinga for flytande naturgass som konkluderer med at kostnadsfallet som har vore observert, må tilskrivast hardare konkurranse i marknaden. Av ein annan analyse går det fram at ein streng miljøpolitikk kan vera gunstig for konkurranseevna dersom det finst produsentar av reinseteknologi som kan tena på at det blir sett krav om reinsing. Skjerpa kontroll frå miljøstyresmaktene gjer regelbrot mindre sannsynlege, men fører ikkje til mindre utslepp, syner ein ny statistisk analyse.

Analysar av folketalsutviklinga

Arbeidet med folketalsframskrivingar har omfatta evaluering av flyttemodellen frå 2002, som syner ei betring av resultatata, særleg for dei nordlegaste fylka. Analysar av dei nasjonale framskrivingane syner at folket kjem til å bli eldre nesten same kva realistiske føresetnader ein legg til grunn med omsyn til fødselstal, levealder og innvandring, og det blir færre som har inntektsgeevande arbeid i høve til talet på pensjonistar.

Analysar av samlivsmønsteret syner at personar med høg utdanning har mindre risiko for å bli skilde enn andre, medan utdanninga til foreldra har motsett effekt. Utdanningsnivået til foreldra ser òg ut til å ha verknad for kor gamle barna er når dei for fyrste gong byrjar på eit samliv. Dei som har foreldre med låg utdanning, går tidlegare inn i eit samliv, same kva dei sjølve måtte ha av utdanning. Den norske fødselstalsutviklinga blir òg analysert i eit nordisk komparativt perspektiv, og arbeidet med å laga eit breiare indikatorsystem for fødselstalsutviklinga er kome godt i gang.

Analysar av levekår

SSB arbeidde i 2004 med analysar av samvære og bidrag som ledd i evalueringa av bidragsreforma frå 2003. Det vart vidare gjort ein analyse av arbeidstid og arbeids-

tidsordningar blant foreldre og ein analyse om moglege årsaker til deltidarbeid. Deltidsanalysen syner store kjønnskilnader i omfanget av og årsakene til deltid og at alder, utdanning og familiefase spelar svært ulik rolle for deltidarbeid blant kvinner og menn. Det vart gjort analysar av levekåra til dei som er sysselsette i landsbruket, av levekår i Oslo indre aust og av samanhengen mellom levekår og lovbrøt. Det vart i 2004 dessutan gjennomført ein analyse av folks syn på samfunnsutviklinga i lys av utviklinga i dei faktiske levekåra til innbyggjarane. Trass i ei positiv utvikling i sentrale levekårsfaktorar som inntekt, utdanning og bustadtilhøve er det fleire som meiner at samfunnet har vorte verre å leva i dei siste åra enn som synest at det har vorte betre.

7.7 Lett tilgjenge for brukarane

Temasider For å kunna gje folk flest heilskapleg og samla informasjon har SSB laga temasider på ssb.no. Ved utgangen av 2004 hadde vi i alt 19 temasider der, blant anna om arbeid, energi, informasjonssamfunnet, kultur og medium, likestilling og nasjonalrekneskapen. Mange går inn på sidene, og media nyttar dei ofte i ulike oppslag, sjå www.ssb.no/tema.

Statistikkbanken Innhaldet i Statistikkbanken vart dobla i løpet av 2004 og inneheld no 1 338 statistikkmatrisar. Prosjektfasen for Statistikkbanken vart avslutta i 2004, og frå og med 1. januar 2005 er Statistikkbanken ein integrert del av alle frigjevingar av ny statistikk frå SSB.

Statistikk som offentleg gode SSB har heilt sidan starten av ssb.no i 1995 halde fast på at statistikk er eit offentleg gode som i all hovudsak skal vera gratis og tilgjengeleg for folk flest. Dette gratisprinsippet ser no ut til å få gjennomslag i statistikkbyråa i dei fleste andre land òg. Sist ute er Eurostat, som i 2004 gjorde statistikken og databasane gratis tilgjengelege på webstaden sin.

Kurs for brukarane For å gje brukarane kunnskap og høve til fagleg fordjuping i statistikk- og analyseområda sine har SSB sett i gang kurs. 2004 var det fyrste ordinære driftsåret for kursverksemda, med totalt 40 kurs som samla 1 000 deltakarar. Som pilotprosjekt vart det gjennomført kurs for kommunepolitikarar i Østfold fylke om bruk av KOSTRA. Dette var vellykka og kjem til å bli sett i gang på landsbasis frå 2005.

7.8 Internasjonalt statistisk samarbeid

EØS-samarbeidet Det vart i 2004 vedteke 15 nye rettsakter på statistikkområdet. Dei gjeld økonomiske rekneskapar for landbruk, kvartalsvise finansrekneskapar for offentleg forvaltning, statistikk om informasjonssamfunnet og statistikk om gjelda til offentleg forvaltning. I alt 32 rettsakter vart formelt tekne med i EØS-avtalen. Dei viktigaste gjeld jernbanestatistikk, statistikk over inntekt og levekår, avfallsstatistikk og endring i arbeidskraftundersøkingane.

Arbeidet med å effektivisera dataformidlinga til internasjonale organisasjonar vart følgt opp i 2004, og nye tekniske overføringsmetodar vart tekne i bruk i stigande grad. I 2004 vart i alt 464 datasett med både årleg, kvartalsvis og månadleg informasjon overførte via elektroniske dataformidlingskanalar.

Frå norsk sider følgjer vi regelbunde opp arbeidet med strukturindikatorane. Det er god dekning av statistikk frå Noreg for strukturindikatorane i databasane til Eurostat. Det er òg arbeid i gang med å få på plass korttidsindikatorar, som trengst til aksjonsplanen for korttidsstatistikk. I stigande grad blir desse indikatorane tilgjengelege i databasane til Eurostat.

Hausten 2004 skipa SSB til International Marketing and Statistical Output Database Conference, som er eit fagleg nettverk med deltaking frå eit 20-tals statistikkbyrå over heile verda.

Samarbeid i Norden På nordisk plan held samarbeidet om Nordisk statistisk årsbok og fagleg utviklingssamarbeid fram på ulike område. Samarbeidet gjeld blant anna bruken av administrative register og spørsmålet om det vil vera mogleg å gå saman om å etablere eit register over nordiske selskap som er verksame i meir enn eitt nordisk land.

Statistisk utviklingssamarbeid I 2004 var det stor aktivitet i SSBs statistiske utviklingsarbeid. I løpet av 2004 kom langtidskonsulentar knytte til nye prosjekt i Malawi, Eritrea og Albania på plass. Det vart sett i gang eit nytt samarbeidsprosjekt med Moldova, nye medarbeidarar vart tilsette i Mosambik, og ein ny runde med fredskorpsutveksling kom i gang. To nye fredskorpsdeltakarar drog til Malawi og Nicaragua, og SSB tok imot to kandidatar frå dei same landa.

I Noreg vart arbeidet med ein rapport om røynslene SSB har med arbeidsmåtane i ulike samarbeidsprosjekt avslutta. Det vart offentleggjort ein oppdatert og utvida rapport med statistikk for ressursinnsats, tenestetilbod, bruk av tenester, status og bidrag til fattigdomsreduksjon i hovudsamarbeidslanda til Noreg.

7.9 Arbeid med kvalitet og tryggleik

Systematisk kvalitetsarbeid SSB har arbeidd systematisk med kvalitet dei siste åra. Alle tilsette skal vera medvitne om at målet er å produsere statistikk og analysar som tilfredsstillar heile brukarbehovet, og at dette skal gjerast så effektivt som råd. Det er ein viktig del av kvalitetsarbeidet å dokumentere kvaliteten i statistikkane, slik òg EU-forordningane krev.

Kvalitetsarbeidet har vorte meir og meir integrert i alt arbeid i SSB, blant anna ved at kvalitetslosar er med som rådgjevarar i prosjekt. SSB har i dag om lag 30 slike losar. Nyttige tiltak er dokumentasjon av beste praksis og gode metodar i kvalitetsarbeidet. I 2004 gav vi ut handbøker om prosjektarbeid og om utvikling og utforming av web-skjema.

Dokumentasjon og metadata Relevant dokumentasjon trengst for at brukarane skal kunna finna, forstå og bruka statistikken, og er ein føresetnad for effektive arbeidsprosessar. Strukturert dokumentasjon om data og statistikk går ofte under namnet metadata.

Det vart utvikla ein metadatastrategi for SSB i 2004. Denne strategien skal på lengre sikt medverka til betre kvalitet og meir effektiv produksjon av statistikk. Metadata skal då kunna koplant saman til eit heilskapleg system og leggjast inn og oppdaterast på berre éin stad.

For brukarane har vi dei siste åra utvikla systematisk dokumentasjon i form av "Om statistikken" på ssb.no. Slik dokumentasjon av omgrep, produksjonsmetodar og kvalitet følgjer no nesten all ny statistikk.

I 2004 vart ein database over standardklassifikasjonar som blir nytta i statistikken, gjord tilgjengeleg på ssb.no. Det er òg arbeid i gang med eit dokumentasjonssystem for variablar som er nytta i statistikken. Systema skal leggjast inn i eit nytt og heilskapleg metadatasystem i SSB.

Statistiske standardar SSB lagar kvart år ein rapport om arbeidet med statistiske klassifikasjonar. I 2004 vart det arbeidd med revisjon av standard for næringsgruppering (NACE 2007). Ein ny testmodell for standard for sosioøkonomisk gruppering på nasjonalt nivå vart vedteken i 2004.